



SANDE KOMMUNE  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Rasmus Johan Ekroll Arkivsaknr: 2015/532-3858/2017  
Arkiv: L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
67/17	Formannskapet	22.08.2017
43/17	Kommunestyret	19.09.2017

---

Saka gjeld: **REGULERINGSPLAN ALMESTAD**

### Tilråding:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Almestad M=1.1000 dat.30.6.2016 med føresegner.

Sanering av eksisterande avkøyrsløse til 21/7 så snart regulert avkøyrsløse vert utbygt vert teke inn i føresegnene § 14 Rekkefølgekrav

### **Handsaming i Formannskapet :**

**Samr. som tilrådinga.**

### **TILRÅDING:**

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Almestad M=1.1000 dat.30.6.2016 med føresegner.

Sanering av eksisterande avkøyrsløse til 21/7 så snart regulert avkøyrsløse vert utbygt vert teke inn i føresegnene § 14 Rekkefølgekrav

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Almestad M=1.1000 dat.30.6.2016 med føresegner.

Sanering av eksisterande avkøyrsløse til 21/7 så snart regulert avkøyrsløse vert utbygt vert teke inn i føresegnene § 14 Rekkefølgekrav

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 25. september 2017



Tove Cathrine Kvamme

Konsulent

Særutskrift: Teknisk sektor  
Grunneigarane

**Vedlegg:**

1. Framlegg til reguleringsplan for Almestad dat.30.6.2016
2. Reguleringsføresegner
3. Planomtale frå AG Plan og Arkitektur AS dat.20.9.2016 m/vedlegg A,B og C
4. Godkjenning av planframlegg i F-sak 105/17
5. Brev til grunneigarar og høyringsinstansar
6. Uttale frå Statens Vegvesen dat.1.12.2016
7. Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune dat.2.1.2016
8. Uttale med motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal dat.10.1.2017
9. Brev frå Fylkesmannen dat.31.5.2017 med trekking av motsegn

**Saksopplysningar:**

I samsvar med gjeldande kommuneplan er det utarbeidd framlegg til reguleringsplan for bustadfelt på Almestad i Gursken.

Planframlegget er på oppdrag frå Sande kommune utarbeidd av AG Plan og Arkitektur AS og vert fremja som detaljreguleringsplan i samsvar med § 12-3 i Plan og bygningslova. Ved utarbeiding av planen har det vore fleire møte med teknisk sektor for avklaring av detaljar undervegs for utforming av bustadfelt og nærføring mot ny g/s-veg langs fylkesvegen.

Det er gjennomført planprosess med oppstartmøte, kunngjering av planoppstart og medverknadmøter med grunneigarar, naboar og «særskilde grupper». Det vart motteke i alt 20 merknader og innspel til planarbeidet. Desse er nærare kommenterte i vedlegg A1 og A2.

Planområdet har eit areal på 35,1 da og regulerar areal til frittliggande og konsentrerte småhus med tilhøyrande infrastruktur som veg, gangveg, leikeplass, tekniske anlegg m.m. Bustadfeltet gir høve til etablering av i alt 25-27 bu-einingar.

Framlegg til reguleringsplan vart godkjend av formannskapet i F-sak 105/16. Planframlegget vart deretter utlagt til offentleg ettersyn i tidsromet 25.11.2016 – 6.1.2017 og sendt til ulike offentlege instansar til uttale i samsvar med Pbl § 12-10.

Ein har ikkje motteke merknader frå grunneigarar eller naboar til planområdet.

Frå offentlege instansar har ein motteke 3 uttalar til planen.

Møre og Romsdal Fylkeskommune har ikkje merknader. Dei har i samband med kunngjering av planoppstart gitt melding om at dei ikkje ser behov for arkeologisk registrering av planområdet.

Statens Vegvesen bed i sin uttale om at reguleringsplanen vert tilpassa til den pågåande utbygging av g/s-veg i området med omsyn til tilpassing av avkøyrslar, busslommer og støytak. Dei bed vidare om at eksisterande avkøyrslar til 21/7 vert sanert så snart regulert avkøyrslar vert etablert og at dette vert teke inn som rekkefølgekrav i føresegnene til planen. Tiltak langs fylkesvegen føreset vidare at det vert framlagt gjennomføringsavtale med Statens Vegvesen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i sin uttale til planen reist motsegn inntil det vert dokumentert at utbygginga oppfyller krav til støy. Etter at ny dokumentasjon vart framlagt har Fylkesmannen i brev dat.31.5.2017 trekt motsegna. Ny støyvurdering medfører m.a. at bustader på BKS2 må vere vertikaldelte kombinert med voll/gjerde. Dette er innteke i føresegnene § 7 pkt.2a.

### **Vurdering og konklusjon:**

Ved teknisk sektor rår ein til at den framlagde reguleringsplanen for bustadfelt Almestad vert stadfesta slik det går fram av framlegg til vedtak.

Sanering av eksisterande avkøyrle så snart regulert avkøyrle er etablert vert teke i inn som nytt pkt.g i § 14 Rekkefølgekrav i føresegnene til planen.

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Larsnes, 01.08.2017

Oddbjørn Indregård  
Konst.rådmann

Kjell Martin Vikene  
teknisk sjef